



28.12.17

INFORMASJON OM REDUSERT FORELDREBETALING I SFO

I kommunestyresak 058/16 vart det vedteke at det frå 2017 vert innført prisreduksjon på SFO for dei med låg inntekt. Ei ny kommunal ordning for reduksjon av foreldrebetaling vert dermed innført frå 01.01.17, kor foreldre/føresette med låg inntekt skal kunne søkje om redusert foreldrebetaling. Målet er å innføre ein betre sosial profil på foreldrebetalinga i SFO, slik det allereie er i barnehagane etter nasjonale føringar.

Kommunal ordning for reduksjon i foreldrebetaling på SFO

Inga hushald skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si for ein SFO-plass.

I 2018 er den høgaste satsen på opphald (over 14 timar) på kr 2 790,-

Det vil seie at hushald med ein samla brutto inntekt lågare enn 465 000 kr pr. år kan søkje. Foreldrebetalinga reknast ut frå hushaldet si samla skattepliktige person- og kapitalinntekt. Som eit hushald reknast ektefellar, registrerte partnarar og sambuarar.

Har du lågare skattepliktig inntekt enn den grensa som er sett i denne ordninga, kan du søkje om redusert foreldrebetaling for SFO.

Søknadsskjema med rettleiing kan du be om på SFO eller finne på heimesida til kommunen, www.hjelmeland.kommune.no. Papirversjonen må fyllast ut og sendast inn.

Spørsmål? Ta kontakt med oppvekstkontoret på tlf: 404 39 177 (Ann-Cathrin B. Kleppa).

Dokumentasjon som må leverast med søknaden:

Siste året si sjølvmelding skal leggjast ved søknaden som dokumentasjon på inntekt.

Ved vesentleg endring i inntekt i forhold til siste året si sjølvmelding, skal søker leggje fram ei stadfesting frå arbeidsgjevar/evt. andre instansar over brutto inntekt per månad, samt lønsslipp frå siste månad. Dette gjeld og for dei som ikkje har ein sjølvmelding, t.d. som følgje av kort butid i landet. Redusert betaling vert i utgangspunktet innvilga for eitt skuleår (haust/vår), under føresetnad av at hushaldet sitt inntektsforhold er uendra i perioden.

Søknadsfrist for reduksjon gjeldande f.o.m. neste skuleår er 1. juni.

I utgangspunktet søker ein for kvart skuleår, men ein kan og søkje i løpet av året dersom inntekta endrar seg eller barnet startar på SFO midt i året.

Søknad med vedlegg (dokumentasjon på inntekt) sendast til:

Hjelmeland kommune v/oppvekst, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland.